

## Møte i FAU ved Vinjar skule 27. mai 2020

Til stades: Irene Steinbru Ørjaseter, Andre Lofthus, Helen Moen Gjuvsland, Anette Goa Bråtveit, Tom Gardsteig, Solfrid Eide Foldøy, Sven Hoftun, Judith Sørhus Litlehamar, Oddny Lunde Bakka, Lars Lunde, Elin Torsteinbø Sørstad, Runar Vold, Asle Fisketjøn, Turi Ottersland Tjøstheim, Magnus Bakka, Svanhild Stangeland.

Meldt fråfall: Miriam Lunde Nordmark, Frank Olav Steine, Else Kristin Hilde Krogh

### Sak 15 2019/2020 **Velkommen, godkjenning av referat og innkalling**

Referat godkjent utan merknad.

### Sak 16 2019/2020 **Orientering frå einingsleiar/rektor**

-Gjenopning av korona-stengt skule:

Har vore vellykka. Elevane klarer å tilpassa seg. Buss var ei utfordring til å byrje med, men det fungerer no. Mogleg det har vore mykje informasjon via Transponder til foreldra, men slik måtte det bli.

-Klassevis sommaravslutningar, anbefalingar:

I dag er framleis anbefalinga at me ikkje samlar føresette. Skulen kjem ikkje til å leggja opp til samlingar på denne måten no. Kvar enkelt klasse kan utover dette følgja med på anbefalingar og ta egne val.

-Avspasering for elevar før ferien:

Det var einigheit i FAU at det vert kompensert for planlagt avspasering. Siste skuledag før sommarferien blir fredag 19.juni. Frå og med neste skuleår bør praksis vera lik for heile kommunen.

-Fotografering:

Rektor har kontakta fotograf Bjørkhaug. Fredag 12.juni blir det fotografering av 1. og 7.trinn. Fotograferinga skjer i samsvar med smittevernreglar som gjeld denne datoen.

### Sak 17 2019/2020 **Økonomi**

-Prosedyre for teljing av pengar etter arrangement – bok + signering av minst to personar.

Sjå vedlegg til referat.

-Bytte av bank blir utsett til første møte i haust

- Bytte av bank og bestilling av vipps

- Underskriven protokoll ved konstituering av nytt styre for registrering i Brønnøysundregisteret.

#### Sak 18 2019/2020 **Val av FAU-leiar**

Ny leiar i FAU er Elin Torsteinbø Sjørestad, ny nestleiar er Judith Sørhus Litehamar.

#### Sak 19 2019/2020 **Innkomne saker**

Bursdagsinvitering- bør følgjast opp i klassane til hausten i foreldremøte og FAU. Sjå førre referat for meir informasjon.

Dugnad for leikeapparat- Vil FAU stilla på dugnad for å setja opp leikeapparat på Vinjar skule? Leiar i FAU har skrive forslag til brev til Levekår. FAU meiner at det aktuelle dugnadsarbeidet ikkje er eit arbeid som skal leggjast på dugnadsånden i Vinjar skulekrins når leikehytte og ballvegg må godkjennast kommunalt likevel. Me ønskjer dedikerte midlar.

Rutine, teljing av pengar etter aktivitetkveld/ope hus.

1. Ansvarleg for kvelden + ein til teller innkomne pengar etter aktivitetkveld/ope hus.
2. Sum førast opp, og begge skriv under i eiga bok/lapp.
3. Pengane og underskriven lapp/bok med sum leggst i ein forseгла konvolutt eller pose.
4. Overleverast til kasserar.
5. Pengekassa skal til ein kvar tid innehalde kr. 500 i vekslepengar.

Vedteken i FAU Vinjar den 27.05.2020